



Arvid Inge Øygard
Hafskorvegen 12
5640 EIKELANDSOSEN

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
22/66640	22/3605	Lene Drageset Lyssand post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/	Ove Frotvedt	28.09.2022

Melding om vedtak etter forenkla prosess - Områdeplan for Eikelandssosen 112/79

Delegert saksnr. Utval
906/2022 - Delegert sak Plan- og bygningsutvalet

Reguleringsplan: Endring av reguleringsplan for Eikelandssosen 112/79

Eigedom: gnr. 112, bnr. 79

Forslagsstillar: Helland Hogst AS

Plankonsulent: FanAgro AS

Følgjande vedtak er gjort i saka:

Reguleringsplan for Eikelandssosen 112/79 vert endra i samsvar med plankart datert 5/10/2022, med siste revisjon 9/19/2022. Endringa har plan-id 4624-1241201607.

Endringa gjeld utviding av næringsareal BN9 til å omfatta tilstøtande tomt i sør, samt endring av tomta sitt føremål frå grøntareal til næringsareal.

Det er ikkje gjort justeringar i føresegnene.

Vedtaket kan klagast på, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 28.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, og reglement for delegering av mynde for Bjørnafjorden kommune, jf. kommunelova § 23 nr 4.

Kunngjering og klagefrist

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (forvaltningslova). Vedtaket kan klagast på til kommunen. Du har klagerett dersom du er part eller har rettsleg klageinteresse.

Vedtaket kan klagast på innan 21.10.2022 frå du mottar dette brevet. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker.

Klagen skal sendast skriftleg til post@bjornafjorden.kommune.no.

Grunngjeving

«Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen forøvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder. Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9», jf. plan- og bygningslova § 12-14 andre og tredje ledd.

Mynde

Mynde til å vedta planendringar etter forenkla prosess er delegert til administrasjonen i vedtak 49/19. Saka er difor handsama og avgjort administrativt.

Planstatus

Eigedommen er regulert til blå/grønstruktur (G) og avsett til næringsbygg i KPA for tidlegare Fusa kommune av 15.10.2015.

Endringa gjeld

Plan vedteke i 08.02.2020 la opp til avklaring av framtidig sentrumsutvikling. Områdeplanen tok utgangspunkt i eksisterande grensar og det er ikkje andre omsyn til evgrensinga av BN9 i samband med reguleringa. Endring av plan inneber utviding av næringsarealet BN9 med om lag 3,2 daa. Dette arealet er Næringsareal i arealdelen til kommuneplanen.


Endringa går fram av nytt plankart. Det er ikkje gjort endringar i føresegna. Endringane er omtalt i vedlagt søknad om endring.

Opphavleg plankart:



Figur 1: Kartutklipp av plankart (datert 10.05.2022) som viser opphavleg plankart med innteikna ynskja endring.

Nytt plankart med vedteken endring:



Figur 2: Kartutklipp av plankart (datert 19.09.2022) som viser vedteken endring.

Varsling

Endringa inneber inga reell endring, og kan foregå etter forenkla prosess. Omsynnsone H370 og H740 vert ikkje endra, sjølv om dei ikkje er vist i utsnittet over.

Endring av føresegn

Endringa fører ikkje til endring av føresegnene. Utnyttingsgrad vert vidareført dette medfører at ein kan oppføre eit større næringsbygg på eigeidomen enn det opphavelig plan gav rom for. Relasjon tomt og bygg vert likevel uendra som følgje av planendringa. Området er eit industriområde og det er vurdert at justeringa ikkje vil gå utover hovudrammane av plana, sjølv om ein gjennom utviding av BN9 vil kunne oppføre eit større bygg enn opphavelig plan opnar for.

Varsel om endring av reguleringsplanen vart sendt ut til naboar og aktuelle høyringsmynde med merknadsfrist 03.08.2022. Det er har ikkje kome inn merknader.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Tomta har får tilkomstveg via Helland Hogst AS sin tilkomst veg i dag. Planendringa fører ikkje til auka trafikkmengd.

Konsekvensar av endringa

Ingen konsekvensar i høve naturmangfaldlova, forskrift om konsekvensutgreiing, ROS-analyse m.m.

Gebyr

I samsvar med gebyrregulativ for Bjørnafjorden kommune vert det sendt ut faktura til forslagstillar for handsaming av planendring etter forenkla prosess.



Innsending av oppdatert planmateriell

Vi ber om at kart med vedtaksdato, samt SOSI-fil vert sendt inn til post@bjornafjorden.kommune.no for oppdatering av kommunen sitt planregister, innan 3 veker.

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom du har spørsmål til dette brevet.

Med vennleg helsing

Jannicke Ane Sem-Onarheim
Plansjef

Lene Drageset Lyssand
Rådgjevar planavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Melding om vedtak etter forenkla prosess - Områdeplan for Eikelandsosen 11279
Plankart revidert 19.9.22
Helland_Hogst_Arealformål
Søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess - områdeplan for Eikelandsosen